




Årsmøte

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2023

23. mars kl. 19.00 på Slidrehuset, Valdres folkemuseum



Etnedal spel- og dansarlag
Begnåljom spel- og dansarlag
Vårflaumen spel og dansarlag
Øystre Slidre spel- og dansarlag
Vestre Slidre folkemusikk- og danselag
Valdreskvelven spel- og dansarlag
Valdreslaget i Oslo

Kopi til
Valdresmusea
Valdres folkemusikkarrangement AS
FolkOrg

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2023

Me ber med dette medlemslaga inn til årsmøte i Valdres Folkemusikklag 23. mars kl. 19.00 på Slidrehuset, Valdres folkemuseum.

Årsmøtet er ope for alle interesserte, og medlemmene i lokallaga har talerett. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett. Styret har særskilt lyst til å oppmode representantar frå Valdres Folkemusikkarrangement og Valdresmusea om å møte. Desse har møte- og talerett.

Sakliste og saksdokument ligg ved.

VEL MØTT!

For Valdres Folkemusikklag

Bente Hemsing
leiar

ÅRSMØTE 23. MARS 2022

Sakliste

1. OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste
2. ÅRSMELDING 2022
Årsmelding frå Hilmestemnet og Strunkeveko er vedlagt.
3. REKNESKAP Vfl og minnefond
4. ARBEIDSPROGRAM for 2023-24
5. BUDSJETT
6. MINNEPRISANE:
Nytt ungdomsstipend og revisjon av vedtektene til Torleiv Bolstads minnestipend og Haldor Røynes ærespris.
7. VAL

Sak 1

Opning, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av sakliste og innkalling.

Styret bed årsmøtet gjera dette vedtaket:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste og vel desse til ordstyrar, referent og til å skrive under protokollen:

Protokoll – underskriving:

Møteleiar:

Skrivar:

Sak 2

Årsmelding for Valdres Folkemusikklag 2022

Sjå vedlegg.

Sak 3

Rekneskap for 2022, Vfl og minnefonda

Sjå vedlegg.

Sak 4

Framlegg til arbeidsprogram for 2023-2024

Målsetjinga er:

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre.
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværs miljø for alle aldersgrupper.

Midla kan vera:

- å styrke dansen i alle aldersgrupper.
- å rekruttere utøvarar i alle greiner.
- å oppmode utøvarar til å engasjere som instruktørar og læremeistarar.
- å samarbeide med andre lag, organisasjonar og institusjonar der det er nyttig.

Arrangement og møteplassar

Valdres folkemusikklag skal:

- fungere som aktiv eigar av Valdres folkemusikkarrangement AS. Det skal vera 1 – 2 eigarmøte i løpet av året mellom styret i VFAS og styret i VFL. Møtet kan vera i samband med eit styremøte for dei to styra.
- stø opp om gjennomføringa av Strunkeveke og Jørn Hilme-stemnet og yte nødvendig dugnadsinnsats.
- stø opp om konsertscena *Hilme året rundt*.
- samarbeide med andre folkemusikkarrangement i regionen der det er naturleg å stø opp.

Styrking av lokallaga

Valdres folkemusikklag skal:

- stø lokallaga i arbeidet deira og samordne aktiviteten i Valdres.
- arrangere felles møte med alle lokallagsstyra ein gong i året.
- samarbeide og inspirere lokallag med liten aktivitet.
- stø initiativ som tek sikte på ny aktivitet og rekruttering.

Hovudprioritet i 2023-24:

- arrangere felles styremøte for alle lokallaga minst ein gong i løpet av året for å betre samordninga.
- halde fram arbeidet med å skape fleire møteplassar for folkemusikk og folkedans.

Ungdomssatsinga

Valdres folkemusikklag skal:

- stø opp om *FolkemusikkUng* som har samling ein til to gonger i månaden, samt gjennomføre ei helgesamling i halvåret.
- arrangere tur for ungdom.
- disponere ungdomsfondet til beste for rekrutteringa i Valdres (eigne statuttar)

Hovudprioritet i 2023-24:

- Rekruttere nye ungar og yngre ungdom inn i *FolkemusikkUng*-samlingane.

Andre viktige oppgåver

- drive marknadsføring og jamnleg oppdatere heimesida og Facebook, dele informasjon.
- arbeide for å ta vare på den lokale rundanstradisjonen, m.a. gjennom å bruke lokale utøvarar som kurshaldarar og å vera ein støttespelar for Storefjelltreffen.
- arrangere kurs som miljøet har bruk for (instruktørkurs, domarkurs osv)
- stø opp om samspelgrupper av alle slag.

Hovudprioritet i 2023-24:

- Gjere meir bruk av sosiale media for å informere om aktuelle hendingar i folkemusikkmiljøet og dele informasjonen.
- Revidere web-sida.

Samarbeid med andre

Valdres folkemusikklag skal:

- samarbeide med Valdres folkemusikkarkiv og Valdresmusea.
- vera pådrivar for at det er kontakt mellom kulturskulane og lokallaga om felles målgruppe, opplæring og rekruttering.
- ha representantar på årsmøtet til FolkOrg, og på representantskapsmøtet i Rff, og oppmode medlemar til å delta på nyttige kurs, seminar og møte.
- halde kontakt med regionlaga i Innlandet og i nærliggjande område og Innlandet musikkråd.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2023-24.

Sak 5

Budsjett for 2023

Sjå vedlegg.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet

Sak 6

MINNEFONDA:

Nytt ungdomsstipend og revisjon av vedtektene til Torleiv Bolstads minnestipend og Haldor Røyne's ærespris.

Styret i Valdres Folkemusikklag ynskjer å opprette ein ny ungdomspris for utøvarar innan song, dans, langeleik, toradar, munnharpe og andre eldre folkemusikkinstrument.

Sak 7

Val 2023

Valnemnda si innstilling blir lagd fram på møtet.